



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
5.12.2013	2013/1827	Per Olaf Brækkan/Morten Larsen

Saksnr 21/13	Utval Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	Møtedato 13.12.2013
-------------------------------	---	-------------------------------

Orientering om funksjonsprogram for distriktstannklinikk i Elnesvågen, Fræna kommune

Bakgrunn

Tannklinikken i Fræna var lokalisert i helsesenteret som vart stengd av helsemessige årsaker. Etter stenginga har tannklinikken vore lokalisert ved Distriktstannklinikken St. Carolus.

Det har vore dialog med Fræna kommune for om mulig å få til eit samarbeid om ein ny tannklinikk. Kommunen har no selt helsesenteret, og ser etter nye lokale til legekontor.

For å sikre at tannklinikken sine behov vert ivaretatt i eit eventuelt nytt senter har Fylkestannlegen i samarbeid med Byggje- og vedlikehaldsseksjonen utarbeidd eit funksjonsprogram inklusive detaljerte funksjonskrav til lokalar og utstyr.

Organisering

Funksjonsprogrammet har vore utarbeidd med bidrag frå følgjande personar;

Byggje- og vedlikehaldssjef	Per Olaf Brækkan
Plangruppeleiar	Bjørn Erik Hjellset
Fylkestannlege	Anthony Normann Valen
Kontorsjef	Morten Larsen
Overtannlege	Trine Monsen

Føresetnader for funksjonsprogrammet

Det finst ikkje nokon nasjonal standard for tannklinikkar. Det er derfor opp til kvar enkelt fylkestannlege å utforme sine klinikkar på best mogleg måte for å legge til rette for mål, innhald og metodar i moderne klinikkdirift.

Nokre prinsipielle sentrale føringar er vektlagt i funksjonsprogrammet. Dette gjeld krav om universell utforming og miljøretta helsevern.

Det er i tillegg lagt vekt på stor grad av arealeffektivitet, samt at klinikken skal ha stor grad av generealitet i høve til utforming av rom og fleksibilitet i høve til endringar i arealbehov.

Klinikken er dimensjonert for i all hovudsak å tene dei lovpålagte gruppene som har krav på gratis tannbehandling i Fræna.

Vurderingar

Funksjonsprogrammet er utarbeidd etter dei malane som er brukt i fylkeskommunen for andre byggeprosjekt.

Distriktstannklinikkane er normalt små einingar med få tilsette spreidd utover i fylket. Kostnader med å organisere vaktmeisterar i små stillingsbrøkar for alle desse klinikkane vil verte relativt store. Fylkestannlegen vurderer det derfor som ikkje hensiktsmessig å eige klinikkane med mindre dei vert lokalisert saman med annan fylkeskommunal verksemd.

Regional delplan tannhelse er godkjent politisk i løpet av hausten 2013. Funksjonsprogrammet er utarbeid i samsvar med forventningar om framtidig tannhelsetilbod i denne delen av fylket.

Funksjonsprogrammet vert lagt til grunn for dei avtalar fylkeskommunen eventuelt gjer med utleigeaktørar. Framlegg til løysingar vil bli lagt fram for politisk handsaming.

Funksjonsprogrammet er lagt fram for politisk behandling slik:

- Plannemnd for byggjeprojekt 08.11.2013
- Kultur- og folkehelseutvalet 10.11.2013
- Fylkesutvalet 25.11.2013

Fylkesutvalet godkjente det framlagte funksjonsprogram som grunnlag for planlegging av ny tannklinikk i Fræna.

Forslag til vedtak:

SAMU-T tar orientering om funksjonsprogram for distriktstannklinikk i Elnesvågen, Fræna kommune til vitande.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Kontorsjef